

SIVA - SELSKAPET FOR INDUSTRIVEKST SF
Postboks 1253 Torgarden
7462 TRONDHEIM

Dato 28.02.2024
Vår referanse 2023/86893-2
Dykkar referanse Gisle Johanson
Sakshandsamar Gisle.Johanson@vlfk.no
E-post 41440050
Telefon

Oppdragsbrev til Siva for 2024

I dette brevet overfører Vestland fylkeskommune midlar til Siva knytt til inkubatorprogrammet og næringshageprogrammet for 2024.

Totale middel som vert overført til Siva frå Vestland fylkeskommune for 2024 er kr 37 042 000 til næringshagane og inkubatorane i Vestland. Overføringa omfattar finansiering av Siva sin modell for differensierte tilskot og vidareføring av prosjekt for å utvide næringshagetilbodet i Ullensvang og Kvinnherad. Midla er dekkja av overføringar frå Statsbudsjettet Kap. 553.61.

Det er ein føresetnad at Siva sikrar at midla vert brukt etter statsstøtteregulverket, og har ansvaret for å melde inn bruken til ESA.

1. Overordna mål og føringar

Følgjande planar ligg til grunn for det regionale oppdraget

- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Berekraftig verdiskaping – Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Berekraftig verdiskaping – Handlingsprogram 2022-25
- Berekraftig verdiskaping - Årsplan for 2024

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 gir ein felles kurs for å inkludere, inspirere og mobilisere Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande utvikling. Utviklingsplanen for Vestland har definert fire hovudmål som skal leggjast til grunn for all utvikling, planlegging og aktivitet i fylket.

Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg

Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling

Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland

Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Regional plan for Innovasjon og næringsutvikling har fire hovudsatsingar:

- Innovative og inkluderande samfunn: Innovative samfunn fornyar seg og skapar verdi for verksemder, samfunn og innbyggjarar. Inkluderande samfunn tek vare på mangfald og motverkar utanforskap.
- Grøn næringsutvikling: Produksjon og næringsaktivitet skal utviklast i ei retning som er meir berekraftig for miljø og klima, og i tråd med FN sine berekraftsmål
- Areal til næringsutvikling: Omfattar korleis vi nyttar naturressursar, og korleis vi legg til rette areal for ny næringsutvikling.
- Kompetanseutvikling i arbeidslivet: Byggje den rette kompetansen for framtida, både i privat og offentleg sektor. Det er viktig å bruke kompetansen vi allereie har, samtidig som nye verdikjeder og forretningsområde set krav til ny kompetanse.

Dei nasjonale måla for løyvinga er å mobilisere verksemder til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i regionane. Vidare skal løyvinga bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje vert ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. For 2024 skal løyvinga òg bidra til grøn omstilling av næringslivet i distrikta, gjennom å styrke verksemdene si grønne konkurransekraft og støtte prosjekt med positiv miljøeffekt. Kriteria for måloppnåing er utvikling i verdiskaping, omsetning, sysselsetjing og nyskaping for verksemdene som deltek i programma, del av midla som når fram til verksemder med kvinneleg leiar eller eigar, samt del av midla som går til prosjekter med positiv miljøeffekt.

Vi viser til nasjonale delmål for verkemiddelapparatet:

- Delmål 1: Fleire gode gründerar
- Delmål 2: Fleire vekstkraftige bedrifter
- Delmål 3: Fleire innovative næringsmiljø

Vi legg til grunn at det er godt samsvar mellom dei nasjonale og regionale måla.

Siva, Innovasjon Norge, Norges Forskningsråd og fylkeskommunane koordinerer arbeidet sitt nasjonalt, gjennom Nasjonal samhandlingsmodell. Vi viser òg til dei tre samfunnsoppdraga med regionalt utgangspunkt («missions») som Nasjonal samhandlingsmodell har gått saman om:

- Utvikle industriell symbiose på tvers av verdikjeder
- Byggje infrastruktur for det grønne skiftet
- Kompetanseløft for å realisere dei grønne verdikjedene

Vi legg til grunn av Siva legg dei nasjonale «missions» til grunn for sin overordna verksemd.

2. Fylkeskommunen sitt oppdrag til Siva over kap.553.61 for 2024

Fylkeskommunen si løyving til Siva over kap. 553.61 for 2024 er basert på vedtak om opptak av aktørar til næringshage- og inkubasjonsprogrammet hausten 2022 og vedtak om innplassering i Siva sin modell for differensierte tilskot.

Samla løyving for til Siva for 2024 vert kr 35 142 000 med fordeling til selskapa som er tatt opp i dei to programma, som i tabell under.

Selskap	2024
Hardanger Voss Næringshage	3 682 545
Klar Bedrift	2 946 036
Sognefjorden Næringshage	2 525 174
Stryn Næringshage	2 946 036
Atheno	3 682 545
Industriutvikling Vest	3 682 545
VIS	7 365 090
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	4 208 623
Aksello	2 314 743
Startup Lab (Bergen)	1 788 665
Sum	35 142 000

Administrasjons- og gjennomføringskostnader

Middel til administrasjon og gjennomføring av oppdraget vert finansiert av Kommunal- og distriktsdepartementet si overføring til Siva på kap. 553.61, på vegne av fylkeskommunane. Kommunal- og distriktsdepartementet overfører i 2024 18,3 mill. kroner til administrasjon og gjennomføring av alle dei regionale oppdrag til Siva over kap.553.61.

Dersom det er risiko for at dei faktiske administrasjons- og gjennomføringskostnadane vil overstige berekna ressursbruk, skal Siva varsle fylkeskommunane om dette. Eventuell overstigande ressursbruk

til formålet skal avklarast med fylkeskommunane og skal leggest til administrasjons- og gjennomføringskostnadar neste år. Dersom Siva har ubrukte middel til administrasjon og gjennomføring ved slutten av året, skal dette overførast til oppdrag neste år.

Særskilde oppdrag

Vestland fylkeskommune vurderer næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet som viktige verkemiddel for å lukkast med regionale og nasjonale mål for nærings- og lokalsamfunnsutvikling. Vestland ynskjer å bruke sitt regionale handlingsrom i samband med desse programma, og Siva sin kompetanse for å bidra til at vi når måla for regionale utvikling.

Vestland fylkeskommune vil halde fram arbeidet for å utvikle god innovasjonsinfrastruktur i heile fylket. Dette inkluderer prosessane som er satt i gang både i Hardanger og Sunnfjord.

Hovudutval for næring vedtok 26.februar 2024 å løyve inntil kr 1 900 000 til å vidareføre prosjektet for å sikre eit næringshagetilbod i Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Kvinnherad. På bakgrunn av forprosjektet som er gjennomført av Hardanger og Voss næringshage i 2023 og informasjon frå Siva, løyver Vestland fylkeskommune til vidareføring av prosjektet i 2024. Midla skal brukast innanfor næringshageprogrammet.

Forsvarleg bruk av offentlege middel

Vestland fylkeskommune føreset at Siva i samband med utbetaling og oppfølging av operatørane, stillar krav for å sikre forsvarleg bruk av offentlege midlar. Vi visar mellom anna til at operatørane skal ha eit etisk regelverk som tek vare på habilitet og rutinar for etterleving av regelverk og lovkrav. Vi vil særskild be om at det vert etablert rutinar som sikrar openheit kring dei tilsette i operatørane sine investeringar i målbedrifter.

3. Styring, koordinering og samhandling

Styringsdialog

Fylkeskommunen vil invitere Siva til to halvårlege regionale styringsmøte om det regionale oppdraget i 2024, jamfør årshjul for regional styringsdialog.

Det vil også verte invitert til to regionale samhandlingsdagar med deltaking frå Siva, Innovasjon Norge og Forskningsrådet. Fylkeskommunen vil kalle inn til desse møta. Budsjettinnspel og planar om nye satsingar vert tema på styringsmøta.

Årshjul for regional styringsdialog og felles styringsdialog vert lagt til grunn for dialog, budsjettinnspel, rapporteringsfrister og utbetalingsfristar.

Budsjettinnspel og forslag til satsingar

Siva skal sende budsjettinnspill for post 61 samla til alle fylkeskommunane innan 15. mars, med kopi til Kommunal- og distriktsdepartementet. Forslaget skal drøftast i nasjonalt styringsdialogmøte på våren.

Siva skal sende forslag til satsingar under post 61 til fylkeskommunane innan 15. september, med kopi til Kommunal- og distriktsdepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet. Forslaget skal drøftast i nasjonalt styringsdialogmøte på hausten. Satsingsforslaget kan vere styrkingar eller justeringar av noverande program og aktivitetar, eller forslag om nye program og aktivitetar. Berre større forslag skal fremjast i denne runden. Forslag med budsjettmessige konsekvensar på mindre enn 15 mill. kroner skal fremjast i samband med budsjettinnspelet i mars.

Koordinering, samhandling og deltaking i regionale utviklingsprosessar

Siva har gjeve verdfulle bidrag i arbeidet med å fylkeskommunen sitt planarbeid og næringspolitiske partnerskap. Vi føreset at Siva tek del i vidare arbeid med å bidra til målsettinga om eit sterkt regionalt samarbeid for å realisere mål om grøen omstilling og auka verdiskaping.

Siva har gjennom si nasjonale og regionale rolle ein posisjon og kunnskap som er særst viktig for at fylkeskommunen kan fylle rolla si som samfunnsutviklar. God dialog og tett samarbeid er viktig for

fylkeskommunen, og vi ønskjer at Siva framleis skal ta aktivt del i Næringsforum og i det regionale partnerskapet.

Inunet er eit viktig nettverk mellom næringshage- og inkubatoraktørane i fylket. Det er ynskjeleg at Siva fortset å bruke ressursar på å delta i dette nettverket. Inunet er finansiert med middel frå fylkeskommunen, Innovasjon Norge og eigenandel frå operatørane.

Fylkeskommunen er opptatt av å oppretthalde ein god dialog og tett samarbeid med Siva og alle operatørane av næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet i fylket. Det er fatta politisk vedtak om at Vestland fylkeskommune, etter dialog med operatørane, vil stille som observatørar i styra til operatørane av næringshageprogrammet og inkubasjonsprogrammet i fylket.

6. Rapportering

Vi ber om å få tilsendt Siva sine årsrapport og tertialrapportar. Siva skal òg rapportere på særlege regionale prioriteringar og utarbeide fylkesvis statistikk på resultat og effektar. Siva skal rapportere fylkesvis for føregåande års oppdrag innan 1. mars kvart år.

7. Utbetaling av midla

Løyvinga til Siva vil verte utbetalt til Siva i to terminar. Halvdelen av den årlege ramma vil bli overført innan 1. februar 2024 og den andre halvdelen i august 2024.

Midla vil verte utbetalt til kto.nr 8601.48.00658 i samsvar med informasjon motteke frå dykk.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
setteavdelingsdirektør
Næring, plan og innovasjon (NPI)

Heidi Bjønnes Larsen
leiar
NPI - Innovasjonsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift